

## **Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 04.09.2018**

**Jeanette Syversen ( R )** sette fram slikt forslag:

« Nytt forslag til punkt 4 i innstillinga:

For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse blir psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenge med (faste stillingar) permanent ansettelse.»

**Tor Andre Ljosland (Krf) og Aleksander Fosse Andersen (Sp)** sette på vegner av KrF, Sp, A og Sv fram slikt forslag:

« Endringsframlegg:

- Punkt 1: Stryk «ut 2019»

- Punkt 3:

Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert og alle skular i Hordaland fylkeskommune skal kunna nytte seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på individretta arbeid med samtalar med elevar og rettleia skulane i arbeidet med elevane.

- Punkt 4:

Psykologteamet skal i tillegg kunne arbeida systembasert. Dette arbeidet skal forankrast i leiinga på den einskilde skule.»

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonsutvalet:

« Nytt forslag til punkt 4 i innstillinga:

For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse blir psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenge med (faste stillingar) permanent ansettelse.»

### **Røysting**

Jeanette Syversen sitt forslag vart med røystene til R, Krf; A, MDG, SV og Sp (9 røyster) vedteke oversendt på vegne av forslagsstiller utan realitetsbehandling.

### **Røysting**

Jeanette Syversen sitt forslag fekk 2 røyster (R og SV) og fall.

Tor Andre Ljosland og Aleksander Fosse Andersen sitt forslag blei vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røster (Frp, H og V).

### **Innstilling til fylkesutvalet**

- 1 For å ivareta det gode arbeidet med elevane si psykiske helse vert Psykologteamet i Hordaland på seks årsverk forlenga.
- 2 Psykologteamet skal liggja under den fylkeskommunale PP-tenesta med kontorplass på ulike skular og lokale PPT - kontor. Dette for å ivareta alle skulane i fylket, samt sikre godt samarbeid med skulehelsetenesta.
- 3 Psykologteamet skal arbeida oppdragsbasert og alle skular i HFK skal kunna nytte seg av tilbodet. Teamet skal ha fokus på individretta arbeid med samtalar med elevar og rettleia skulane i arbeidet

med elevane.

- 4 Psykologteamet skal i tillegg kunne arbeida systembasert. Dette arbeidet skal forankrast i leiinga på den einskilde skule.